



FLAGE UTLEIGE AS
Bjørkemoen 46
NO 5709 VOSS

Manglande opplysningar – varsel om avslag på søknad

Behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9

Gnr 212 Bnr 141 - Alver - Øvre Eikanger - Eikangervåg - Flage Utleige AS - permanent tillatelse og utvidelse

Vi viser til søknaden av 08.01.2020 om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 frå Flage Utleige AS.

Arbeidstilsynet har lagt følgjande til grunn for sakshandsaminga:

- Søknad om Arbeidstilsynet sitt samtykke, datert 08.01.2020
- Situasjonsskart, teikning nr. 4, datert 09.08.2017
- Planteikning, teikning nr. 7, datert 04.12.2017
- Fasade- og snitteikning, teikning nr. 6, datert 04.12.2017
- Planteikning kantine, teikning nr. 4, datert 04.12.2017
- Beskriving av desentralisert ventilasjonsløyning, Type HERU 90 EØH, ikkje datert

Av søknadsskjema går det fram at søknaden gjeld påbygg til eksisterande brakkerigg i Nordhordland Næringspark samt samtykke til eksisterande brakkerigg. Eksisterande brakkerigg har hatt eit midlertidig samtykke frå Arbeidstilsynet. Dette samtykke var gjeldande for perioden 05.10.2017 – 05.10.2019. Brakkeriggen er over to plan.

I vår førebelse vurdering av saka vurderer vi det slik at følgjande tilhøve er ivareteke for brakkeriggen:

- Dagslys og utsyn frå arbeidsplassane
- Ventilasjon

Av arbeidsplassforskrifta § 2-10 og kommentarane til denne går det fram at den einskilde arbeidsplass skal ha dagslys og utsyn. Sjå meir om kravet her:

<https://www.arbeidstilsynet.no/regelverk/forskrifter/arbeidsplassforskriften/2/2-10/>



Av arbeidsplassforskrifta § 2-14 går det fram at det vert sett krav til klima, ventilasjon og luftkvalitet m.m. Sjå meir om kravet her:

<https://www.arbeidstilsynet.no/regelverk/forskrifter/arbeidsplassforskriften/2/2-14/>

I vår førebelse vurdering av saka vurderer vi det slik at følgjande tilhøve ikkje er ivareteke og vi ber om å få tilleggsopplysningar:

Vi kan ikkje sjå at det er gjeve noko grunngjeving for kvifor ein no søker om varig samtykke eller at dei tilsette sine representantar har vore med i prosessen. Arbeidstilsynet har heller ikkje fått tilsendt beskriving av aktuelle arbeidsmiljøfaktorar. Sjå meir om kva som skal ligge ved søknad om samtykke her: <https://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/>

Brakkeriggen er over to plan og av teikning nr. 6 (fasade 3 og -4) går det fram at det er trapp både opp til nivå ein og nivå to. Det skal normalt vere gode grunnar for å få samtykke dersom tilkomst til arbeidslokale er slik at arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne ikkje kan arbeide i verksemda. Sjå meir om kravet her: <https://www.arbeidstilsynet.no/regelverk/forskrifter/arbeidsplassforskriften/2/2-4/>

Faste arbeidsplassar skal innehalde personalfasilitetar som garderobe, mat-/pauserom og toalett. Vi kan ikkje sjå at det er teikna eller planlagt med slike fasilitetar for dei som skal ha sin arbeidsplass i brakkeriggen. Les meir om kravet her:

<https://www.arbeidstilsynet.no/regelverk/forskrifter/arbeidsplassforskriften/3/>

Manglande opplysningar

Ein søknad om samtykke til Arbeidstilsynet skal dokumentere at rammene i bygget er utforma slik at sikkerheita, helsa og velferda til arbeidstakarane er tatt vare på både på søknadstidspunktet og i framtida ved at arbeidsplassar og arbeidslokale er lagde til rette og utforma med tanke på arbeidet som skal utførast, den enkelte arbeidstakaren og særskilde risikoforhold.

Før Arbeidstilsynet kan behandle saka ferdig og eventuelt gjere vedtak om samtykke, treng vi desse tilleggsopplysningane:

- Grunngjevinga for å søke om permanent samtykke
- Beskriving av dei tilsette sin medverknad i prosessen
- Teikning og beskriving som syner at det er universell tilkomst både til/frå brakkeriggen og internt i brakkeriggen
- Teikning og beskriving av personalfasilitetar

For ordens skyld opplyser vi om at kommunen ikkje kan gi løyve til å sette i gang byggearbeida før Arbeidstilsynet har gitt samtykke, jf. plan- og bygningslova § 21-5.

Alver kommune blir med ein kopi av dette brevet gjord merksam på at Arbeidstilsynet ikkje har gitt samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9.



Kva må de gjere?

Ei skriftleg tilbakemelding med utgreiing og dokumentasjon for kvart av punkta over må sendast til oss innan 31.03.2020. Dersom vi ikkje innan fristen har fått dei tilleggsopplysningane vi ber om over, vil vi avslå søknaden om samtykke basert på opplysningane i søknaden slik han ligg føre no.

De kan klage

Kravet om ytterlegare opplysningar har heimel i arbeidsmiljølova § 18-5. De kan klage dersom de meiner at de ikkje har plikt eller lov til å gi frå dykk desse opplysningane, jf. forvaltningslova § 14. Fristen for å klage er tre dagar frå de får dette brevet. For nærmare opplysningar om klageinstans og framgangsmåte, sjå www.arbeidstilsynet.no/klage.

Gi informasjonen vidare til verneombodet

Verneombodet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet. Vi ber derfor om at de som arbeidsgivar gir ein kopi av dette brevet til verneombodet. Dersom verksemda ikkje har verneombod, gir de kopien til representanten for dei tilsette. Sjå [arbeidsmiljølova](http://www.arbeidstilsynet.no/klage) §§ 6-2 sjette ledd og 18-6 åttande ledd.

Behov for meir informasjon?

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og krav til arbeidsmiljøet på www.arbeidstilsynet.no, eller de kan kontakte oss på telefon 73 19 97 00.

De kan svare på dette brevet og/eller sende inn dokumentasjon til oss digitalt via [eDialog](http://www.arbeidstilsynet.no/post). Les meir på www.arbeidstilsynet.no/post.

Vi ber om at de viser til vår referansen 2020/1586 ved seinare kontakt/korrespondanse i denne saka.

Med helsing
Arbeidstilsynet

Tommy Pedersen
Seksjonsleder

Rune Joar Ravnestad
Seniorrådgiver

Dette brevet er elektronisk signert.

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906

FREKHAUG